



Jan Erik Mjelde Ottesen
Mårdalen 11
5236 RÅDAL

Referanser:
Dykkar: Ref.:PXVEDJ-
Skjemanr.:5367
Vår: 22/5430 - 22/56976

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
14.07.2022

Melding om utført endring av bygningstype i Matrikkelen - gbnr 445/19 Manger nedre

Viser til innsendt krav om endring av bygningstype datert 03.07.22. Saka har ikkje vore vurdert etter plan- og bygningslova (PBL)av byggesaksavdelinga, men er sendt kart- og oppmåling for vurdering etter matrikkellova. Ynskja endring er vurdert som ikkje søknadspliktig etter PBL, då dette er godkjent som bustad ved oppføring.

Bygningstypen er no endra frå 162- heilårsbustad som nyttast som fritidsbustad til 111-einebustad.

Vurdering:

Du ynskjer endra bygningskoden frå 162- heilårsbustad som nyttast som fritidsbustad til 111-einebustad, med grunngjevinga at dette huset er bygd som bustad (rett nok frå 1850). Du opplyser at huset er vesentleg oppgradert med moderne bad, vaskerom og kjøkken og 2 wc. Det er knytt til kommunalt VA-nett.

Kommunen har ikkje byggeteikningar av dette huset, men du har sendt inn bilder av huset som viser at dette er bustadhus og ser ut til å vera godt vedlikehalde.

Konklusjon:

Bygningstypen vert endra for dette bygget, då innsendt dokumentasjon og også dagens bygningstype i matrikkelen tilseier at dette er ein heilårsbustad.

Avdelinga som lagar grunnlaget for kommunale avgifter får melding om endringa.

NGIR (renovasjon) får også melding om utført endring.

Vedlagt ligg bygningsrapportar som viser kva som var/ er registrert om bygget i matrikkelen, før og etter endringa.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Jan Erik Mjelde Ottesen

Mårdalen 11

5236 RÅDAL